# Masfjorden kommune

Teknisk, miljø og landbruk

Vigleik Daae
FENSFJORDVEGEN 1387
5986 Hosteland

| Referanser: | Sakshandsamar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Jan Kvingedal | 20.09.2023 |
| Vår: 22/66 - 23/8029 | jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no | |

## Avklaring - Tilbakemelding vedk flytande naust - gbnr 6/68

Viser til vårt skriv 12.09.23 og telefonsamtale 18.09.23.

Slik me fekk opplyst på telefon 18.09.23, så har de seld naustet og det er også fjerna frå gbnr. 6/68, slik kravet til Masfjorden kommune var. Me er då samde om at vilkåra for fjerning er oppfylt og det skal dermed ikkje krevjast dagbot. De kan difor sjå vekk frå gebyret som er utsend.

Som me skreiv i vårt brev dat. 12.09.23 registrera me at naustet no er fortøydd lenger ute i sundet på Risnes.

Tiltaket er framleis ikkje lovleg og me vil ta kontakt med den nye eigaren av naustet og gjera merksam på at naustet må fjernast eller bringast inn i lovlege former. Me ber difor om å få opplyst kven som no eig det. Det er ikkje offentlege register for slik eigarskifte og me er avhengig av at de gjev oss desse opplysningane. Om ikkje det kjem fram namn på den nye eigaren, ser kommunen det pårekneleg at de framleis eig naustet.

Me ber om tilbakemelding på namn på den nye eigaren innan 27.09.23

Dersom du har spørsmål i saka kontakt saksbehandlar Jan Kvingedal.

Med helsing

Jan Kvingedal
saksbehandlar
*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vigleik Daae | FENSFJORDVEGEN 1387 | 5986 | Hosteland |